



## Valldal

### Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag 22.juni kl.18.00 på biblioteket

Desse møtte: Bjørg, Mette NV, Gerd, May, Mette M, Magnhild

Saker:

#### **55/26 Godkjenning av innkalling og gjennomgang av referat**

Ingen merknader til innkallinga.

Gjennomgang av møteref. frå siste møte v/Bjørg

#### **56/26 Oppsummering av gjennomførte aktivitetar**

##### **Dugnad i Sansehagen 1.juni**

Lite frammøtte, behov for meir oppslutning om desse dugnadane.

Judith har gjort ein stor innsats gjennom mange år for å organisere dette!

Kva med pårørandeforeininga og deira rolle?

Burde vore informert meir om denne foreininga, viktig for nye som kjem til.

Ev. bør laget henvende seg til pårørandegruppa v/Stig Falling.

##### **Turen til Rauma 11.juni**

Fin skyss og kjekk sjåfør!

Alt i alt ein veldig fin tur som var godt organisert, om det vart nokre forsinkingar på slutten.

Nokre spm. om rekninga frå Woldstadfjøsset AS som ikkje samsvarar med tilbodet.

Gerd bed om ein kreditnota.

##### **Korpsstemne 12.-14.juni**

Laget stilte med 6 kaker og 7 vakter, fleire tok dobbel-vakt.

Eit stort arrangement for bygda!

##### **Syng med oss**

Siste syng med oss dette halvåret tysdag 23.06.

Dei ansvarlege med Linda, Vigdis og Judith gjer dette til ein triveleg samankomst.

Blomst til Carolin som velviljug stiller opp!

##### **Olsokmøte/planlegging**

Har vore eit siste møte der det meste av program mm. er fastlagt.

Nelly ordnar med laget sine gevinstar til lotteriet.

Leverandørar av jordbær til røring er ordna.

Innkjøp av forbruksvarer til serveringa er ordna.

Matbilletter og plakatar er utforma, klare til kopiering.

Vaktlista blir revidert og sendt ut.

Utleige av klubbhuset; Lisa Maria Hjelle. Bjørg har ordna med tinging av utstyr til bruk på kaia.

### **Møte i Opplevelsesparkgruppa**

Info om kva som er gjort.

Nye benkar er bestilt og ei grillhytte er tenkt plassert i området.

Synfaring i dag ved sjølve bygningane.

### **57/26 Økonomirapport v/Gerd**

Kontooversikt.

Sansehagen manglar midlar.

Pårørandeforeininga bør søkje om dette sidan dei er registrert med org.nr.

Teftmidlar har søknadsfrist 1. okt.

### **58/26 Deltaking og påmelding til Distriktssamling 26.sept. i Ørskog**

Påmelding innan 30. august.

### **59/26 Planlegging haust 2026**

Første styremøte 24.august

Første bygdekvinnetreff den 8. sept.

Fyller på med fleire arrangement etterkvart i eige oppsett.

*Björg stod for møtemat denne gongen, tusen takk for kaffi og god heimebakst!*

Møtet slutt kl. 20.11

Magnhild

ref.